


# FOLKEHELSEOVERSIKT, VESTRE SLIDRE KOMMUNE 2020

Folkehelse handlar om levekår og levevanar. Dei sosiale miljøfaktorane som i størst grad påverkar folkehelsa er knytt til sosialt nettverk, bumiljø, arbeidslivstilknytning, skule og utdanning, familie og fritid. Folkehelsearbeid er samfunnets totale innsats for å halde oppe, betre og fremme folkehelsa. I dette ligg nødvendigheten av å styrke verdiar som gir det enkelte individ og grupper moglegheiter for ansvar, delaktigheit, solidaritet, mestring og kontroll over eige liv og situasjon (Helsedirektoratet, 2018). Alle kommunar skal ha ei løpande oversikt over folkehelsa. Denne skal danne grunnlag for det langsiktige folkehelsearbeidet og inngår som grunnlag for alt planarbeid i kommunen. Figur 1 viser påverknadsfaktorar for folkehelse.




Figur 1. Påverkningsfaktorar for helse. Frå Dahlgren og Whitehead (1991). Kjelde: KS (2018).

## 1. Befolkningsutvikling og samansetning

Befolkningsutvikling er ein viktig indikator på regional utvikling og heng mellom anna saman med inntektsgrunnlaget til kommunen og tilgang på arbeidskraft. Utvikling i talet på innbyggjarar har tyding for planane til kommunen når det gjeld omfang og kvalitet av dei ulike tenestene som skal leverast til innbyggjarane i framtida.

Pr. 1 kvartal 2020 var det 2 133 innbyggjarar i Vestre Slidre. Det er ein svak, men jamn befolkningsnedgang i kommunen. Prognosane fram mot 2040 tilseier at alderssamansetninga blant innbyggjarane vil bli ei stadig større utfordring då delen eldre over 80 år aukar samtidig som delen i arbeidsdyktig alder (20-66 år) går ned. Situasjonen vises i figuren under.




Figur 2: Framskriven folkemende etter alder og år 2020-2040. Kjelde: SSB.no (06.01.2020).

Framskriven folkemengde viser framtidig utvikling ut frå føresetnader om fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og innvandring. Denne utviklinga har stor tyding for korleis kommunen planlegg for ei ynskt utvikling i kommunen.

Det har inntil nyleg vore ein gradvis auke i delen innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre i Vestre Slidre kommune. I 2019 utgjorde dette 197 personar (9,23% av befolkninga) (SSB, 2019). Av desse er 63 personar busette flyktningar (tal frå 01.10.2019). Talet på flyktningar har gått ned med 6 sidan 2017. Avgjerda om at kommunar med mindre enn 5 000 innbyggjarar ikkje vil busetja fleire flyktningar i åra framover (IMDI, 2017) har stor tyding for befolkningstuviklinga og planarbeidet i Vestre Slidre framover.

09588: Flytting, etter år. Vestre Slidre, Nettoinnflytting.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 3: Tilflytting, etter år. Kjelde: SSB.no (06.01.2020).

Den største utfordringa Vestre Slidre kommune står ovanfor i åra framover er dermed å ta vare på, behalda og rekruttera nye innbyggjarar til kommunen.

## 2. Oppvekst- og levekårsforhald

Den 10-årige satsinga (2017-2027) på kommunalt folkehelsearbeid skal bidra til ei langsiktig styrking av arbeidet til kommunane med å fremme helse og livskvaliteten til befolkninga. Barn og unge, psykisk helse og rusførebygging er sentrale tema (Helsedirektoratet, 2019). Vestre Slidre er ikkje signifikant forskjellig frå andre kommuner i landet når det gjeld desse utfordringane, men den auka utfordringa innafor psykiatri og rus generelt vil vere eit viktig fokusområde i åra framover, i Vestre Slidre som i landet for øvrig.

Lokalsamfunnet har stor tyding for den psykiske helse og livskvaliteten til barn og unge (Østlandsforskning, 2018). Dei styrkane og ressursane vi utviklar i eit godt lokalsamfunn tar vi med oss vidare i livet. Å skapa gode oppvekstvilkår og gode rammer for oppveksten og utviklinga til barn og unge er difor ein av dei viktigaste oppgåvene i samfunnet.

Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at Vestre Slidre kommune brukar minst i Valdres på barnehagedrift, målt per innbyggjar (SSB, 2018). Tal frå dei fire siste åra viser ein tendens til at dei minste barna i kommunen har fleire og lengre dagar i barnehagane no enn tidligare (Kvalitets- og utviklingsrapporten for barnehagene i Vestre Slidre kommune, 2019). Samtidig har krava til barnehagens innhald og arbeidsoppgåver auka kraftig dei siste åra. Personalitet, kompetanse og strategisk bruk av ressursar er viktige element i «tidleg innsats». Dette vil kunne påverke frafallet i vidaregåande skule, som framleis er høgare i Vestre Slidre enn i Oppland og landet for øvrig (basert på årlig gjennomsnittlig frafall i perioden 2015-2017, Folkehelseinstituttet, 2019). I arbeidet med å snu dette har det over tid vore fokus på overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande. Fokuset framover bør dreie meir mot kvalitetsutviklinga barnehage-grunnskule for å forebygge frafall og heve meistringsnivået i grunnskulen (Kvalitets- og utviklingsrapporten for Vestre Slidre skule 2018/2019). Her er også tverrfaglig samarbeid og samarbeid med foreldre særskilt viktig siden forskning viser at foreldra sitt forhold til barnas innsats, har positiv effekt på barnas oppfatning av skolen (Nordahl, SEPU).

Vestre Slidre kommune og Oppland fylkeskommune har eit lågt utdanningsnivå samanlikna med landet for øvrig (22,2% med høgskule/universitetsutdanning medan talet på landsbasis er 34%, SSB, 2020).


			2018
Grunnskolenivå	Begge kjønn	Personer 16 år og over (prosent)	27,5
Videregående skolenivå	Begge kjønn	Personer 16 år og over (prosent)	47,5
Fagskolenivå	Begge kjønn	Personer 16 år og over (prosent)	2,8
Universitets- og høgskolenivå, kort	Begge kjønn	Personer 16 år og over (prosent)	17,7
Universitets- og høgskolenivå, lang	Begge kjønn	Personer 16 år og over (prosent)	4,4
Uoppgitt eller ingen fullført utdanning	Begge kjønn	Personer 16 år og over (prosent)	.

Tabell 1: Utdanningsnivå i Vestre Slidre. Kjelde: SSB.no (31.12.2018).

Utdanningsnivå er ein sentral variabel for kor ein er på den sosioøkonomiske stegen og heng saman med kva for type næringsliv og kompetanse som blir etterspurt i kommunen.

Vestre Slidre har eit variert næringsliv, utstrekt handelsverksemd, stor turist-tilstrømming og eit mangfaldig kulturliv. Landbruket står sterkt i kommunen, og småskala produksjon av mat og andre lokalvarer aukar i tråd med aukande interesse for produksjon og kjøp av lokale varer og tenester. Mykje av produksjonen er retta inn mot ein stadig veksande hyttemarknad.

#### Hva innbyggerne arbeider med



Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyrå


Figur 4: Sysselsetting i vestre Slidre. Kjelde: SSB.no (31.12.2019).

Næringsliv og sysselsetting heng tett saman med folkehelse, sidan detalkelse i arbeidslivet har positiv effekt med tanke på folkehelsa. Arbeid gjer glede, sjølvkjensle, meining og tilhørslse, og i dagens samfunn er identiteten vår i større grad enn før knytt opp mot det arbeidet vi gjer. I følgje tal frå SSB ligg arbeidsløysa i Vestre Slidre på 1,2%. Dette er langt lågare enn landsgjennomsnittet på 3,8% (SSB, 2020).


For å sikra næringsliv og sysselsetting på sikt, er Vestre Slidre avhengig av jobbskaping i nabokommunane så vel som i eigen kommune. Forsking viser at kommunar med regionsenterfunksjon tiltrekker seg arbeidskraft frå omkring liggande kommunar. Dette gjeld òg for Valdres, og heile 48.7% av arbeidstakarane i Vestre Slidre pendlar til ein

annan kommune. I Valdres er det berre Nord-Aurdal som har positiv arbeidsplassdekning (fleire arbeidsplassar enn yrkesaktive busett i kommunen).

**Innpendling som andel av sysselsatte med arbeidssted i kommunen. Prosent. 2018**



**Utpendling som andel av sysselsatte med bosted i kommunen. Prosent. 2018**



Tabell 2: Pendling inn og ut av kommunen. Kjelde: Kommuneprofilen.no (2018).

Det er derfor naturleg at Vestre Slidre samarbeider tett med dei andre Valdres-kommunane og regionale aktørar når det gjeld næringsutvikling og sysselsetjing. Gjennom Valdres natur- og kulturpark og merkevareprogrammet for Valdres skal arbeidsplassar og busettjing i regionen bli sikra. Valdres Næringshage hjelper enkeltaktørar med bedriftsutvikling. Sjølv om næringsliv og sysselsetjing vart identifisert som eitt av tre satsingsområde i kommunens samfunnsdel (vedtatt i 2017), har næringsutvikling på kommunalt nivå vore eit lågt prioritert område som bør løftast framover, fortrinnsvis i samarbeid med andre kommunar i Valdres.

### 3. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Fysisk miljø, natur og friluftsliv er sentrale årsakar til at folk vel å bu i Valdres (Østlandsforskning, 2018). Omsyn til naturverdiar er eit viktig ansvarsområde for kommunen, og seterlandskapet og myrområdene i kommunen er naturarealar som krev spesiell merksamd. Dette omsynet ligg òg til grunn for forvaltninga av vassforekomstar i Valdres. Vasskvaliteten i regionen blir vurdert generelt som god, men i hovudvassdraget har det vore fleire målingar som har lege på grensa mot moderat i forhold til vassrammedirektivet. Dette gjeld òg vasskvaliteten i Midtre Syndinvannet. I tillegg er det ein del vassdrag som ikkje er klassifisert (Vann-region Vest-Viken, 2015). Tiltak for å sikre god vasskvalitet bør prioriterast i inneværande planperiode.

Avløp frå fiskeoppdrett er ei relativt stor kjelde til næringsstoffforureining av hovudvassdraget i Vestre Slidre og Valdres. Oppdrettarane og Fylkeskommunen er i dialog om å forbetre renseprosedyrene i desse anlegga, kor målet er å auke produksjonen og samtidig redusere dagens utslepp. Kostnadene knytt til denne utbedringa, og fordelinga av desse, utgjør førebels eit hinder for endring.

God folkehelse inneber at flest mogleg trivast i kvardagen. Kommunen skal i samsvar med folkehelseleva mellom anna fremme helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold for befolkninga. I Levekårsundersøkelsen for Oppland (Østlandsforskning, 2018) kjem det fram at 87,1% trivst godt i Vestre Slidre, mot 77% i landet sett under eitt. Dette er ein viktig ressurs, sidan omfattande forskning visar at trivsel fører til betre fysisk og psykisk helse medan einsemd og mangel på sosial støtte forringar livskvaliteten. Omkring 26% av innbyggjarane i kommunen er engasjert i foreningar og politisk arbeid. Dette er det høgaste talet i Oppland (Østlandsforskning, 2018).

Vestre Slidre kommune investerer relativt mykje i kultursektoren sammenligna med landet for øvrig. Heile 46,2% av barn i alderen 6-15 år deltek i aktivitetane kulturskulen tilbyr. Til samanlikning er dette talet 21,3 i landet for øvrig (SSB, 2019). På kulturelle arenaer oppstår sosial støtte, trivsel og tilhøyre – viktige faktorar med stor innverknad på folks helsetilstand og livskvalitet.

Elevundersøkinga på 7. og 10. trinn visar gode resultat på læringskultur, stønad i skulen, meistring og medverknad (Skoleportalen, 2019). Pr.1.1.2020 har vi utover dette utilstrekkeleg talgrunnlag for å vise statistikk på delen ungdomsskuleelevar som er nøgd med lokalmiljøet. Det er heller ikkje tilstrekkeleg data til å si noko om mobbing eller trivsel blant unge i lokalmiljøet. Gjennomføringa av Ungdata-undersøkinga våren 2020 vil gje oss betre tal på dette.

Det vi veit er at å vekse opp i eit nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktiviteter fremmer trivsel og helse (Folkehelseinstituttet, 2019). Tal frå Østlandsforskning viser allikevel at 32% av befolkninga i Valdres opplev einsemd. Av desse opplev kvinner i større grad einsemd enn menn, dei yngste (18-34 år) i større grad einsemd enn dei over 34 år. Personar med høg utdanning og høg inntekt rapporterer i mindre grad av einsemd, medan personar med innvandrarbakgrunn oftare opplev einsemd enn dei som er fødd i Noreg (Østlandsforskning, 2018). I arealplanlegging kan kommunen leggje til rette for trygge og aktivitetesfremmande stader der innbyggjarane får varierte moglegheiter for sosialt samvær, og for å leike og utfalde seg saman med andre.

Dette er spesielt viktig i Vestre Slidre som manglar eit tydeleg sentrum. Kommunen har ein forholdsvis stor del spreidd busetjing, i tillegg til meir konsentrert busetting rundt tettstadene Slidre og Røn. Det er hovedsakeleg eldre gardsbruk og einebustader som dominerer marknaden i kommunen. Det er begrensa tilgang på leiebustader og leigepreisane er høge. På grunn av nye befolkningsgrupper, endra livsstil og nye bustadspreferansar auker behovet for eit meir variert bu- og servicetilbod i kommunen (Asplan Viak, 2017).

By- og regionforskningsinstituttet, Nasjonalt Institutt for by- og regionsforsknings rapport, Boligpreferansar i distriktene (2014), syner at enebustader er den foretrukne bustadformen i distrikta. Dette har ikkje endra seg dei siste åra. Desse preferansane er særst tydeleg blant ungdom og unge barnefamiljar. Også erfaring og data innhenta over dei siste åra tilseier at tilbakeflyttarar viser spesiell interesse for bustader i spredtbygde område, tomter i bustadfelt og småbruk. Nærleik til skule, barnehage og andre småbarnsfamiljar har stor tyding for unge småbarnsfamiljar.

Samtidig har ei ny gruppe unge eldre som vil bu i leiligheter sentralt vorte stadig større dei siste åra. Denne gruppa søker færre forpliktingar, sosial tryggleik, og nærleik til tenester, aktivitetar, kulturtilbod, handel og service. Etterspørspurnaden er i tråd med helse- og omsorgssektoren sitt mål om å leggje til rette for at eldre skal kunne bu heime lenger. Fylkeskommunen tilrår derfor å prioritere utviklinga av attraktive tettstader. I Vestre Slidre inneber dette ei vurdering av moglegheitene og utfordringane knytt til utviklinga av Slidre, Røn og Vaset som dei mest sentrale tettstedane i kommunen. Ein risiko knytt til satsing på større utbyggingsprosjekt i sentrumsområda i Vestre Slidre er at bustadmarknaden i kommunen er liten og sårbar, og at det er relativt få bustader som avsettes årleg. Dette må takast omsyn til i utviklinga av ein eventuell bustadbyggingsstrategi for kommunen.

## 4. Levevaner og helsereelatert atferd

Levevaner er knytt til kosthald, fysisk aktivitet, rusmiddel m.m. På landsbasis er dei sosiale forskjellane i helse betydeleg og den største utfordringa i samfunnet. Levealderen aukar mest i grupper med høg inntekt og høg utdanning. Noreg blir rangert høgt på trivsel og velferd i internasjonal samanheng. Likevel er psykiske plager og lidningar ei stor folkehelseutfordring. På landsbasis har det i det siste tiåret vore ei auke i psykiske plager blant barn og unge. Dette gjeld òg Vestre Slidre, sjølv om delen i aldersgruppa 15-29 år som har psykiske symptom og lidningar ikkje er signifikant ulikt frå landsnivået, vurdert etter data frå fastlege og legevakt.

Blant utfordringar som trekt fram i Folkehelseinstituttets folkehelseprofil (2019) er folks levevaner i forhold til kosthold og fysisk aktivitet, hjerte- og karsjukdommar, muskel- og skjelettlidningar, og einsemd. Blant unge har Vestre Slidre eit noko lågare tal fysisk aktive og fleire overvektige enn i landet elles. Dei er mindre nøgd med eiga helse og har mindre tru på framtida enn unge elles i Oppland og i landet for øvrig (Ungdata 2013). Dei har eit undergjennomsnittlig alkohol- og marihuanaforbruk enn landet elles.

Også blant vaksne er overvekt og fedme ei aukande utfordring for kommunen. Over 60% av kommunen sine innbyggjarar har overvekt eller fedme (Østlandsforskning, 2018). Generelt utgjør muskel- og skjelettlidelser den styrste sykdomsgruppen i kommunen. Vestre Slidre ligger også noko høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet når det gjeld hjerte- og karsykdommar (Folkehelseinstituttet, 2019). Kreft, hjerte- og karsykdommer, og voldsomme dødsfall er de største årsakene til tidlig død i kommunen.

Endring i levevanar sjåast som ein av hovudnøklane for å snu dagens sykdomsbilete der livsstilssykdommer dominerer. Dette kan vere knytt til fysisk aktivitet, ernæring og bruk av tobakk og rusmidler. Å leggje til rette for at innbyggjarane vil ta dei «gode helsevala» vil vere ein viktig strategi for å lykkast framover.

## 5. Helsetilstand

### Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikten nedenfor sammenliknes noen nøkkeltall for kommunen og fylket med landstall. I figuren og tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønns sammensetning sammenliknet med landet. Klikk på indikatornavnene for å se utvikling over tid i kommunen. I KommuneHelse statistikkbank, <http://khs.fhi.no> finnes flere indikatorer samt utfyllende informasjon om hver enkelt indikator.

Vær oppmerksom på at også «grønne» verdier kan innebære en folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter.

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- ▭ De ti beste kommunene i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkehelsebarometer for Vestre Slidre	
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	19	19	21	prosent		
	2 Personer som bor alene, 45 år +	28,5	26,0	25,4	prosent		
	3 Andel over 80 år, framskrevet	7	6,2	4,9	prosent		
Oppvekst og levekår	4 Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år	79	78	81	prosent		
	5 Lavinntekt (hushold.), 0-17 år (ny def.)	10	10	9,2	prosent		
	6 Inntektsulikhet, P90/P10	2,6	2,6	2,8	-		
	7 Bor trangt, 0-17 år	16	14	19	prosent		
	8 Barn av enslige forsørgere	16	16	15	prosent		
	9 Stønad til livsopphold, 20-29 år	5,7	8,7	8,5	prosent (a,k)		
	10 Trives på skolen, 10. klasse	76	85	86	prosent (k)		
	11 Blir mobbet, Ungd. 2018	-	8,6	7,6	prosent (a,k)		
	12 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl.	33	26	24	prosent (k)		
	13 Laveste mestringsnivå i regning, 5. kl.	46	25	23	prosent (k)		
	14 Frafall i videregående skole	39	22	21	prosent (k)		
	15 Tror på et lykkelig liv, Ungd. 2018	-	73	72	prosent (a,k)		
	Miljø, skader og ulykker	16 Fornøyd m/ lokalmiljø, Ungd. 2018	-	69	70	prosent (a,k)	
		17 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2018	-	65	66	prosent (a,k)	
		18 Fornøyd m/ treffsteder, Ungd. 2018	-	54	50	prosent (a,k)	
19 Ensomhet, Ungd. 2018		-	19	20	prosent (a,k)		
20 God drikkevannsforsyning (ny def.)		100	94	91	prosent		
21 Forsyningsgrad, drikkevann		31	73	88	prosent		
22 Skader, behandlet i sykehus		13,2	13,9	13,7	per 1000 (a,k)		
Helserelatert atferd	23 Lite fysisk aktive, Ungd. 2018	-	14	14	prosent (a,k)		
	24 Skjermtid over 4 timer, Ungd. 2018	-	31	31	prosent (a,k)		
	25 Røyking, kvinner	5,4	8,1	6	prosent (a)		
Helsetilstand	26 Forventet levealder, menn	78,4	78,7	79,1	år		
	27 Forventet levealder, kvinner	82,5	82,9	83,3	år		
	28 Utd.forskjeller i forventet levealder	-	4,9	5	år		
	29 Fornøyd med helse, Ungd. 2018	-	70	71	prosent (a,k)		
	30 Psykiske sympt./lid., 15-29 år	166	160	159	per 1000 (a,k)		
	31 Muskel og skjelett	354	338	319	per 1000 (a,k)		
	32 Overvekt og fedme, 17 år	30	25	23	prosent (k)		
	33 Hjerter- og karsykdom	18,5	16,5	17,7	per 1000 (a,k)		
	34 Antibiotikabruk, resepter	338	324	340	per 1000 (a,k)		

Tabell 3: Folkehelsebarometer for kommunen. Kjelde: Folkehelseinstituttet (2019).

## Kjelder:

Asplan Viak (2017) *Stedsanalyse Røn og Slidre*.

Folkehelseinstituttet (2019) *Folkehelseprofil, Vestre Slidre kommune*. Tilgjengeleg frå: <https://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=0543&sp=1&PDFAAr=2019> (05.02.2020).

Helsedirektoratet (2019) *Program for folkehelsearbeid i kommunene*. Tilgjengelig frå: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/folkehelsearbeid-i-kommunen/program-for-folkehelsearbeid-i-kommunene> (04.02.2020).

Kommuneprofilen (2018) *Pendling inn og ut av kommunen*. Ikkje lenger tilgjengeleg.

Kommunesektorens organisasjon (KS) (2018) *Verktøy for strategisk folkehelsearbeid*. Tilgjengelig frå: <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/folkehelse/verktoykasse-for-strategisk-folkehelsearbeid/oversiktsarbeid/> (04.02.2020).

*Kvalitets- og utviklingsrapporten for barnehagene i Vestre Slidre kommune 2018/2019* (2019).

*Kvalitets- og utviklingsrapporten for Vestre Slidre skule 2018/2019* (2019). Tilgjengeleg frå: <https://www.vestre-slidre.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/vestre-slidre-skule/om-skulen/> (11.02.2020).

Nasjonalt Institutt for by- og regionforskning (2014) *Boligpreferanser i distriktene*. Tilgjengelig frå: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NIBR/Publikasjoner/Publikasjoner-norsk/Boligpreferanser-i-distriktene> (05.02.2020).

Nordahl, Thomas (2029), Senter for praksisrettet utdanningsforskning (SEPU), Høgskolen i Innlandet. Notater frå foredrag.

Skoleportalen, *Skolefakta – grunnskole, Vestre Slidre kommune*. Tilgjengeleg frå: <https://skoleporten.udir.no/oversikt/oversikt/grunnskole/vestre-slidre-kommune> (07.02.2020).

Statistisk Sentralbyrå (SSB) *Kommunefakta*. Tilgjengelig frå: <https://www.ssb.no/kommunefakta>.

Vann-region Vest-Viken (2015) *Regional plan for vannforsyning i vannregionen Vest-Viken 2016-2021*. Tilgjengeleg frå: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/plandokumenter1/planperioden-2016---2021/vedtatt-regional-plan-for-vannregion-vest-viken/> (22.09.2016).

Østlandsforskning (2018) *Folkehelse og levekår i Oppland. ØF-rapport 09/2014*. Tilgjengelig frå: <https://www.ostforsk.no/wp-content/uploads/2017/09/folkehelse-og-levekar-i-oppland.pdf> (05.02.2020).

## Figurar og tabellar:

Figur 1: Kommunesektorens organisasjon (KS) (2018) *Verktøy for strategisk folkehelsearbeid*. Tilgjengelig frå: <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/folkehelse/verktoykasse-for-strategisk-folkehelsearbeid/oversiktsarbeid/> (04.02.2020).

Figur 2: Statistisk sentralbyrå (SSB) (2020) *Framskrevet folkemengde etter alder og år*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statbank/> (06.01.2020).

Figur 3: Statistisk Sentralbyrå (SSB) (2020) *Flytting etter år. Nettoinnflytting*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statbank/> (06.01.2020).

Tabell 1: Statistisk Sentralbyrå (SSB) (2018) *Utdanningsnivå i Vestre Slidre*. Tilgjengelig frå: <https://www.ssb.no/statbank/> 16.01.2020).

Figur 4: Statistisk Sentralbyrå (SSB) (2020) *Sysselsetjing i vestre Slidre*. Tilgjengelig frå: <https://www.ssb.no/statbank/> 16.01.2020).

Tabell 2: Kommuneprofilen (2018) *Pendling inn og ut av kommunen*. Kommuneprofilen.no (2018).

Tabell 3: Folkehelseinstituttet (2019) *Folkehelsebarometer for kommunen*. Tilgjengeleg frå: <https://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=0543&sp=1&PDFAAr=2019> (05.02.2020).